



Osterøy kommune  
Hatland  
5282 LONEVÅG

Dato: 21.10.2014  
Vår ref.: 2014/21474-6  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til planprogram for kommunedelplan for strandsona 2015-2025, planID125320014007, Osterøy

Vi viser til brev datert 29.09.2014 om planprogram for kommunedelplan for strandsona 2015-2025, Osterøy kommune.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Generelle planfaglege innspel

Osterøy har mykje strandsoner, men ein topografi som gjer store delar av strandsona utilgjengeleg. Strandsona i dag er relativt lite bebygd. Bygningsmassane er i hovudsak gamle nausttypar, relativt få og spreitte hytter, og ein del større utdaterte næringsbygg som ligg kloss inntil sjøen og forfaller i dag. Det er og noko aktiv næring i strandsona i dag. Bakgrunn for planen er eit ynskje om å regulera strandsona (jf. Planstrategi), og å revidere lokalisering og tal på kysttilknytt næring.

Fylkeskommunen meiner at det er eit godt og strukturert planprogram, men når planen skal innehalde akvakultur og sjøareala i Osterøy, bør dette kome fram av tittelen, og ikkje heite «strandsoner». Kommunedelplanen bør kallast «kystsoner», evt «sjø- og strandsoner». Denne planen vil erstatte kommuneplanens sjø- og strandsoner innhald.

Dersom denne planen skal vere ein juridisk bindande arealplan (med plankart), bør ein henvisa til aktuell paragraf i PBL og synleggjerast under planavgrensing.

Dette er eit planprogram som skal gje rammar for vidare planarbeid, og det skal følgeleg føregå ein sliingsprosess. Ein bør allereie i planprogrammet synleggjere kva vurderingskriteriar/sliingskriteriar som skal leggas til grunn i planarbeidet.

#### Akvakultur

Marine næringer, som akvakultur, er eit prioritert satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Fylkeskommunen har ansvar for tildeling av løyve og klaring av lokalitetar, og har i tillegg ansvaret for å ivareta havbruksinteressene og fremje motsegn på vegne av havbruksinteressene.

Særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknytt akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø

og vassdrag med tilhøyrande strandsone og § 11.11 pkt. 3 bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn, og pkt 7 kva artsgruppe eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast. Akvakulturverksemd vert regulert under Akvakulturlova. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturlova § 15 som er sentral, løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova.

Regelverket for akvakultur og registeret over gjevne akvakulturløyve finn de på heimesidene til Fiskeridirektoratet, [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no). Her er også kartverktøy med kartdokumentasjon for godkjente akvakulturlokalitetar, og det er muleg å laste ned koordinatar for alle godkjente lokalitetar.

Av planprogrammet går det fram at kommunen ønskjer å fjerne akvakulturområde som ikkje er i bruk. Utan om dette inneheld planprogrammet lite om akvakultur. Hordaland fylkeskommune meiner at behovet for rullering av sjødelen i høve akvakultur ikkje er synleggjort i planprogrammet.

Hordaland fylkeskommune meiner det er behov for at sjødelen arealplanen vert tatt med i denne rulleringa ut i frå følgjande:

- Sjødelen vart sist rullert i 2003.
- Nye krav i Akvakulturregelverket i 2006.
- Ny Plan- og bygningslov i 2008.
- Overgang frå kompaktanlegg til plastringanlegg krev større areal
- Ønske frå næringa om færre og større lokalitetar
- Noverande plan tar ikkje omsyn til fortøyingar og ankerfeste frå oppdrettsanlegg
- Endringar i teknologi, volum og nye krav til lokalisering.
- Gjennomgang av om eksisterande AK-områda er egna
- Oppdrett er ei viktig næring i kommunen med mange tilsette

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar som grensar til dei same sjøområda.

I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trong for sjøareal i framtida.

### Landskap

Landskapskartlegginga utarbeidd av Hordaland Fylkeskommune (Aurland Naturverkstad) kan med fordel nyttast i planarbeidet. Ein kan og med fordel gjennomføre ei helningsgradsanalyse for å sjå kva areal som kan reknast som «bebyggeleg».

### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Det er viktig at kulturminne og kulturmiljø blir ein integrert del av dei overordna planane i kommunen. Kulturminne er både ein ressurs som må sikrast og eit satsingsområde. Kulturminne er eit av seks ulike kriterium som brukast til fastsetjing og vurdering av funksjonell strandsone i planen. Temakartet og arbeidet med dette vil vere eit flott utgangspunkt for ein kulturminneplan for heile kommunen. Det er flott at det i det kommande planarbeidet er satt fokus på å hente inn kunnskap om lokale verdjar.

Hordaland fylkeskommune har etablerte prosjektet KiK - Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016. Saman med Riksantikvaren har fylkeskommune midlar som kommunane kan søkje om som delfinansiering for kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne. Ein slik plan er eit viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturarven. Vi oppmodar Osterøy kommune om å ta del i prosjektet og prioriterer arbeid med ein kommunedelplan for kulturminne.

Dei topografiske tilhøva på Osterøy er, og har vore, bestemmande for aktiviteten i kommunen. Områda som i dag er tilgjengelege og attraktive var det også i eldre tider. Det betyr at bruken dei gode kulturlandskapa

innafor den funksjonelle strandsona kan ha ein lang tidsdjupne, og potensiale for funn av ikkje tidlegare registrerte kulturminner kan vere høg i desse områda.

#### Konsekvensutgreiing og tema

Når det gjeld konsekvensutgreiing og tema burde teknisk-industrielle kulturminner komme inn som et eiga område under fokusområde «Kulturminne». Osterøy er kjent for sin tidlige industri, blant anna knytt til garverier. Bygg og område som er brukt i den tidlige industriverksemda er viktige kulturminne, både i lokal og regional samanheng. Avsnittet «Bruk av gamle bygg i strandsona» tar tak i aktuelle problemstillingar for denne typen kulturminne. I denne samanheng er det særskilt viktig å sjå bygga i ein samanheng med områda dei ligg i - som del av eit kulturmiljø.

#### Kartleggingsrapport og utstrekning

Eksisterande omsynssoner og områder regulert til spesialområde vern må tas med vidare frå kommune- og reguleringsplan. Avgrensinga av funksjonell strandsona bør ta omsyn til utstrekkinga av desse områda. Dei automatisk freda kulturminna innafor planen er lista opp, men det ville vært ein fordel at Askeladden-id blir lagt inn i oversiktstabellen.

Vi er usikre på om den metodikken som er valt for registrering av funksjonell strandsona er god nok for å fange opp verdiane knytt til kulturminner og kulturmiljø. Det er enkelte stader ein for lite nyansert avgrensing av funksjonell strandsona. Eit eksempel er Mjøs vågen. Dette er eit viktig kulturmiljø som regulert til omsynssone. Dette er eit viktig bakgrunnsmateriale som burde komme fram rapporten, jf avsnitt over om vidareføring av omsynssoner. Vi er usikre på avgrensinga som er satt for dette området. Den funksjonelle strandsonen er trekt helt ned til eksisterande strandsona. Vi vurderer det slik at deler av dette området, museum, galleri m.m. er allment tilgjengelig og at den funksjonelle strandsona må trekkast lengre bak.

Det burde i tillegg gjerast ein generell gjennomgang av kyrkjestadene langs strandsona og kulturmiljøa knytt til desse. Det er historisk ein sterk samanheng mellom kyrkje og sjø, og kulturmiljøa kan strekke seg helt ned mot fjorden, jf. Hamre kyrkjestad.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

Da saken omfattar områder i sjø har saka vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum:

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne røyre sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røyre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Me har sett igjennom plankarta og ser at dei registrerte kulturminnene er tatt med. Bergens Sjøfartsmuseum har foreløpig ingen fleire kommentarar til planarbeidet.

#### Friluftsliv

Kommunen ønskjer å identifisere lite tilgjengelege områder for friluftsliv, i denne samanheng særleg med tanke på strandsona. Dette vil krevja ein målretta medverknadprosess, der ein bør sørgje for å nå alle nivå av brukarar i kommunen. Dette vil vere i tråd med eit særskilt fokus på folkehelse. Ein kan sjå på

mulighetene for å tilgjengeleggjere områder som kan stimulere til aktiv bruk av strandsona, men ein må samstundes vere aktsam mot tiltak som kan virke privatiserande og hemme tilbake fri ferdsel og framkome.

Hordaland fylkeskommune vil her og vise til Miljødirektoratets veileder for «[Kartlegging og verdsetting av friluftsområder](#)», der Fylkeskommunen ved seksjon for idrett og friluftsliv har eit koordineringsansvar i Hordaland.

### Strandsone

Vi er positive til at kommunen nå utarbeider en plan for sine strandsone- og sjøareal.

### Næring

Planarbeidet skal sjå på korleis ein kan nytta eksisterande områder/bygningsmasse som kan nyttast til andre føremål, og ein bør gjennomføre ei analyse av næringsareal tilknytt sjø/strandsona, og vurdering av transformasjonsbehov/alternativ bruk og moglegheiter. Kommunen bør og vere bevisst forskjellar på kaianlegg (mellom anna lokalisering av dypvannskai), med tanke på næringsarealbehov tilknytt til sjø.

### Samferdsel

Hordaland fylkeskommune har motteke merknader frå Statens vegvesen, og koordinerer her ei felles uttale frå Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. SVV har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. SVV uttalar seg som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

### Arealpolitiske føringar for planarbeidet

*Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* skal leggst til grunn i planprosessen.

I planprogrammet er det ikkje tatt høgde for trafikkikkerhet i forbindelse med eventuell økt aktivitet i delar av strandsona. Statens vegvesen ber derfor om at det gjerast ei utgreiing av korleis økt aktivitet og bruk av strandsona vil påverke trafikkikkerhet. Dette gjeld tilkomst for køyretøy til strandsoneområde, og tilkomst for og omsyn til mjuke trafikantar i desse områda.

Når det gjeld tilkomst for køyretøy er vi opptekne av at eventuell parkering må leggst til rette slik at det ikkje førekjem parkering langs fylkesveg. Vi vil også påpeke at Statens vegvesen er generelt kritisk til utbyggjing av nye avkøyrslar langs fylkesveg, då det er nær samanheng mellom talet på trafikkulykker og talet på avkøyrslar langs vegen. Utvida bruk av strandsoneområde ved byggjing av naust eller etablering av badeplasser og liknande førar til utvida bruk av avkøyrslar. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil godkjenne utvida bruk dersom dagens tekniske krav til avkøyrslar ikkje vert tilfredsstillt.

### Rammeplanfor avkøyrslar

Ved behandling av avkøyrslarsaker bruker Statens vegvesen føringar sett i Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016. Fylkesvegar er i denne rammeplanen delt inn i haldningsklassar etter kva funksjon dei forskjellige strekningane har i vegnettet. Desse haldningsklassane fortel kva kriterium som leggst til grunn i handsamning av avkøyrslarsaker og gjer eit utgangspunkt i vurdering av desse. Vi rår til at rammeplanen vert lagt til grunn som ein overordna føring for 1. gongs utsiling av innspel på arealendringar, jamfør side 6 Planprosess.

Vi har følgjande konkrete innspel til arbeidet med strandsoneplanen

Tilknytting til riks- og fylkesvegnett

Med bakgrunn i omsyn til trafikkisikkerhet bør det gjerast ei konkret vurdering i kvart område der det er planlagt auka aktivitet i strandsona om at avkøyrselstilhøva og tilkomst for mjuke trafikantar kan løysast.

#### Parkering

Vi rår til at det vert stilt krav til parkering i samband med dei ulike tiltaka. Parkeringskrav i framlegg til *Kommuneplan for Meland 2014-2026* er eit døme det kan takast utgangspunkt i.

#### Byggjegrænse langs veg

Byggjegrænser i rammeplanen bør leggjast til grunn i planarbeidet.

#### Støy

*T-1442/2012 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* bør leggjast til grunn i planarbeidet.

#### Medverknad frå Statens vegvesen i vidare planarbeid

Statens vegvesen vil på vanleg måte uttale seg når det ligg føre eit konkret planforslag og planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

### Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet vektlegg følgjande tema: akvakultur, landskap, friluftsliv, strandsoner, næring, kulturminne og kulturmiljø, og samferdsel.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Marit Rødseth  
plansjef

Snorre Waage  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Snorre Waage, Planseksjonen - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland      Postboks 7310

Fiskeridirektoratet - Region Vest      Postboks 185 Sentrum

Statens vegvesen - Region Vest      Askedalen 4